

## Fellesnemnd for BLS kommunen

### Lovgrunnlag

Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova), §26 Fellesnemnd:

*«Ved samanslåing av kommunar eller fylkeskommunar og ved deling som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b skal det opprettast ei fellesnemnd til å samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga eller delinga. Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane eller fylkeskommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune eller fylkeskommune. Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret eller fylkestinget. Også medlemmer av kommunerådet eller fylkesrådet kan veljast. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld elles tilsvarande.*

*Kommunane eller fylkeskommunane kan også opprette eit felles partssamansett utval etter kommunelova § 25 for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.*

*Fellesnemnda skal ta hand om det førebuande arbeidet med økonomiplanen og med budsjettet for det første driftsåret etter at samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b, er sett i verk. Nemnda skal i sin verkeperiode gi fråsegn til departementet om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld.*

*Andre arbeidsoppgåver og fullmakter for nemnda blir fastsette i reglement som må vedtakast i alle kommunestyra eller fylkestinga. Kvar av kommunane eller fylkeskommunane kan be departementet om å ta avgjerd i slike spørsmål dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.*

*Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor. Tilsetjing av revisor skjer på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvala. Nemnda kan òg få fullmakt til å vidareføre deltaking i interkommunalt samarbeid om revisjon eller vidareføre avtale med annan revisor. Tilsvarande gjeld for sekretariatet for kontrollutvalet. Slikt vedtak skjer etter innstilling frå kontrollutvala.*

*Fellesnemnda kan gi eit arbeidsutval myndigheit til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.*

*Reglane i kommunelova om møte- og talerett for ordførar, leiar av kommuneråd eller fylkesråd, administrasjonssjef og tilsette gjeld tilsvarande for nemnda. Reglane i § 59 om lovlegkontroll gjeld tilsvarande for avgjerder fellesnemnda tek.*

*Funksjonsperioden for fellesnemnda går ut når det nye kommunestyret eller fylkestinget er konstituert etter reglane i § 27.»*

**Hovudpunkta i §26 er:**

- Fellesnemnd skal samordne og ta seg av førebuinga av samanslåinga.
- Nemnda bør spegle av innbyggjartalet i dei enkelte kommunane. Det skal likevel vere minimum tre medlemmer i nemnda frå kvar kommune.
- Fellesnemnda blir valt av og blant medlemmene i kommunestyret. Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar.
- Det kan også opprettast eit felles partssamansett utval etter §25 i kommunelova for behandling av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgivar og dei tilsette.
- Fellesnemnda skal førebu arbeidet med budsjett og økonomiplan for det første driftsåret i ny kommune.
- Fellesnemnda skal gje fråsegn til departementet (Fylkesmannen) om årsbudsjetta og økonomiplanen for dei kommunane saka gjeld.
- Kommunestyra kan vedta reglement for fellesnemnda der fullmakter og arbeidsoppgåver blir bestemt.
- Kvar av kommunane kan be departementet (Fylkesmannen) om å ta avgjerd i slike spørsmål (dvs. reglementet) dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.
- Nemnda kan få fullmakt til å tilsetje personale i den nye eininga. Dette omfattar også tilsetjing av administrasjonssjef og revisor.
- Fellesnemnda kan gi eit arbeidsutval myndigheit til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art.
- Nemnda delegerer mynde til påtroppande rådmann.

I rundskriv H-10/15 kapittel 5.3.2 vert det presisert at nemnda ikkje skal få innverknad på drifta i dei eksisterande kommunane.


Prosess

Reglement for fellesnemnda og oppnemning av fellesnemnda bør handsamast i kommunestyra i løpet av juni 2017. Dersom kommunane ikkje klarar å bli samde om eit reglement, kan kvar av kommunane bringe saka inn for departementet (Fylkesmannen) til avgjerd.

Fellesnemnda vil vere operativ frå Stortinget har vedteke samanslåing av BLS-kommunane.

## Prosjektorganisering

Det vert lagt til grunn at prosessen med samanslåing av dei tre kommunane blir organisert i samsvar med følgjande prinsippkisse:



\* deltek i styringsgruppa ved handsaming av tema som gjeld dei tilsette

## Storleik og samansetjing

Fellesnemnda vil ha 19 medlemmar etter følgjande samansetjing:

Balestrand: 5 medlemmar + varamedlemmer

Leikanger: 5 medlemmar + varamedlemmer

Sogndal: 9 medlemmar + varamedlemmer.

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar, men det er semje om at ordførar i Sogndal Jarle Aarvoll er leiar av fellesnemnda og at ordførar i Leikanger Jon Håkon Odd er nestleiar i fellesnemnda.

Det er kommunestyra i kvar kommune som vel medlemmane blant kommunestyremedlemmane i dei respektive kommunestyra. Reglane i kommunelova om val og saksbehandling i folkevalde organ gjeld m.a. knytt til kjønnsrepresentasjon.

## Arbeidsutval

Inndelingslova opnar for at det kan opprettast eit arbeidsutval som kan få mynde til å gjere vedtak i enkeltsaker eller i saker som ikkje er av prinsipiell art. Vi vil tilrå at ein ikkje nemner opp eit slikt utval no, men prøvar å få ei organisering med tydelege roller mellom politisk og administrativt arbeid. Dette vil ein få om mynde til å gjere politiske vedtak ligg i fellesnemnda og at prosjektleder/kommande rådmann i samråd med den administrative styringsgruppa innstiller direkte til fellesnemnda. Fellesnemnda vil delegere til prosjektleder/kommande rådmann å ta stilling til administrative saker. Dette omfattar m.a. å gjennomføre naudsynte tilsetjingar i den nye kommunen og organisera administrasjonen på ein tenleg måte.

Også eit eventuelt Arbeidsutval, er omfatta av reglane om kjønnsrepresentasjon. Dette gjer at ordførarane, ev. ordførarane og varaordførarane, ikkje kan utgjere eit arbeidsutval.

## Partssamansett utval (PSU)

Kommunane kan opprette eit partssamansett utval i samsvar med §25 i kommunelova for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgjevar og dei tilsette. Det partssamansette utvalet svarar til det som ofte blir kalla administrasjonsutval. Det er semje om å opprette eit PSU for samanslåingsprosessen.

Kva oppgåver som skal leggest til dette utvalet, må fellesnemnda avgjere, men det er viktig at det blir eit godt og ordna forhold mellom administrasjonen og dei tillitsvalde gjennom formelle møtepunkt og drøftingar i samsvar med hovudavtalen. PSU bør vere eit vedtaks-/tilrådingsorgan og ikkje eit drøftingsorgan.

Den politiske plattformen har m.a. slik ordlyd:

*«Det partssamansette utvalet (PSU, jf. inndelingslova § 26) skal lage eit omstillingsdokument som:*

- *harmoniserer reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement m.m.) i kommunane*
- *utarbeider ein felles lønspolitikk for alle tilsette som harmoniserer lønsskilnader over tid.»*

Dei tillitsvalde vil også vere representert i dei administrative arbeidsgruppene når det vert arbeid med oppgåver som gjeld dei tilsette sine arbeidsvilkår.

Medlemmar frå fellesnemnda er arbeidsgjevaren sine representantar i PSU og at dei tilsette vert representert ved 4 tillitsvalde. Dei tillitsvalde er samde om at følgjande vert representert i PSU.....

## Prosjektleder

I rettleiaren frå KMD om å byggje ein ny kommune heiter det:

*«Det bør tidlig tas stilling til om prosjektleder skal være rådmann for den nye kommunen. Dersom prosjektleder også er framtidig rådmann, kan det være en fordel fordi prosjektleder da får være med å utforme kommunen han senere skal lede. Det kan også være en fordel med tanke på å sikre kontinuitet i overgangen til en ny kommune. Sammenslåingsprosessen er ikke nødvendigvis ferdig ved sammenslåingstidspunktet.»*

Det må takast stilling til om den som vert tilsett som prosjektleder, er den komande rådmannen for den nye kommunen eller om det skal vera ein eigen prosjektleder fram til fellesnemnda tilset ny rådmann.

## Administrativ styringsgruppe

Administrativ styringsgruppe er sett saman av rådmennene i dei tre kommunane og prosjektleder (om det ikkje er ein av rådmennene). Administrativ styringsgruppe skal sikre at alle vedtak som gjeld den nye kommunen og som treng førebudd i eksisterande kommunar, vert førebudd i dei tre kommunane. Administrativ styringsgruppe peiker ut deltakarar i dei administrative arbeidsgruppene. Saker som prosjektleder/komande rådmann tilrår til Fellesnemnda, vil normalt vera drøfta i administrativ styringsgruppe.

## Politiske arbeidsgrupper

Det vil bli etablert fleire politiske arbeidsgrupper for å førebu saker som skal vedtakast i Fellesnemnda. Dette vil sikre brei politisk deltaking i skipinga av den nye kommunen. Fellesnemnda

nemner opp og gjev mandat til dei politiske arbeidsgruppene. Det kan bli oppnemnd politiske arbeidsgrupper, til dømes innanfor følgjande tema:

- Planstrategi.
- Førebu første kommuneplan.
- Politisk organisering og reglement for politiske organ (inkl. godtgjerslereglement).
- Kommunevåpen og ordførarkjede.
- Metodar og verkemiddel for å sikre brei politisk deltaking.
- Rammer for det partipolitiske arbeidet (økonomisk støtte, tilrettelegging for partipolitisk arbeid, organisering).

Medlemmar i dei politiske arbeidsgruppene er kommunestyrerepresentantar i dei tre kommunane.

### Sakshandsaming

Fellesnemnda skal søke å oppnå konsensus. Ved usemje skal Fellesnemnda vurdere om spørsmålet kan utsetjast til etter at nytt kommunestyre er konstituert. Forhold som ein likevel vurderer det er naudsynt å ta stilling til, blir avgjort med vanleg fleirtal.

I samsvar med §26, 4.ledd i inndelingslova, kan kvar av kommunane be departementet (Fylkesmannen) om å ta avgjerd i spørsmål som gjeld fellesnemnda sine oppgåver og fullmakter dersom det ikkje er mogleg å kome til semje.

### Kva vedtak bør kommunestyra gjere om fellesnemnd?

Kommunestyra bør gjere følgjande vedtak om nedsetjing og mandat for Fellesnemnda:

1. XXX kommunestyre godkjenner følgjande mandat for fellesnemnda for kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal, jf. §26 i inndelingslova og politisk plattform:
  - a. Fellesnemnda skal planlegge og førebu iverksetjing av samanslåinga fram til nytt kommunestyre i den nye kommunen er konstituert. Den skal gå igjennom og vurdere alle prinsipielle forhold i samanslåingsprosessen. Fellesnemnda har mynde til å gjere alle vedtak som er naudsynte for å skipe den nye kommunen. Mynde til å gjere vedtak som ikkje er prinsipielle, vert delegert til prosjektleiar/framtidig rådmann, jf. delegasjonsreglementet.
  - b. Fellesnemnda kan seie opp avtalar med verknad frå 1.1.2020 som kommunane har inngått og inngå avtalar på vegne av den nye kommunen.
  - c. Fellesnemnda vedtek politisk organisering i den nye kommunen, inkl. reglement for dei nye politiske organa og arbeidsvilkåra for dei folkevalde.
  - d. Fellesnemnda skal utarbeide mandat for prosjektleiar/ny rådmann og gjennomføre tilsetting av denne.
  - e. Fellesnemnda set ned og gjev mandat til politiske arbeidsgrupper.
  - f. Fellesnemnda handsamar revisjonsordning for den nye kommunen etter innstilling frå kontrollutvala i dei tre kommunane.
  - g. Kommunane har i perioden fram til 1.1. 2020 ansvar for si ordinære drift.
  - h. Fellesnemnda uttalar seg om saker som er til handsaming i folkevalde organ i dei tre kommunane når sakene blir vurdert å ha betydning for den nye kommunen.

- i. Fellesnemnda skal førebu budsjett for 2020 og økonomiplan 2020 – 2023. Det er det nye formannskapet som skal gje budsjettinnstilling til det nye kommunestyret. Fellesnemnda kan gje uttale i alle spørsmål som er relevante for den nye kommunen.
  - j. Fellesnemnda disponerer eingongstilskot og reformstøtte frå staten i samband med kommunesamanslåinga. Fellesnemnda skal vedta budsjett for samanslåingsprosessen innanfor ramma av dei statlege løyvingane.
  - k. Fellesnemnda skal halde kommunestyra i dei tre kommunane orientert om nemnda sitt arbeid.
  - l. Fellesnemnda skal legge til rette for eit godt samarbeid mellom prosjektleiar/ny rådmann og fellesnemnda fram mot etablering av den nye kommunen.
  - m. Delegering.  
Fellesnemnda delegerer til prosjektleiar/ny rådmann å fatte vedtak i saker som ikkje er av prinsipiell karakter.
  - n. Saksførebuing.  
Prosjektleiar/ny rådmann innstiller til fellesnemnda.
2. Fellesnemnda skal ha slik samansetjing:
- Balestrand: 5 medlemmar + varamedlemmer
- Leikanger: 5 medlemmar + varamedlemmer
- Sogndal: 9 medlemmar + varamedlemmer
- Ordførar i Sogndal Jarle Aarvoll er leiar og ordførar i Leikanger Jon Håkon Odd er nestleiar i fellesnemnda.
3. Følgjande medlemmer i XXX kommunestyre blir XXX kommune sine representantar i fellesnemnda:

Representantar	Vararepresentantar

4. Det blir oppretta eit partssamansett utval (administrasjonsutval) i samband med samanslåingsprosessen. Medlemmer av Fellesnemnda representerer arbeidsgjevar. Arbeidstakarane vel 4 medlemmar med personlege varamedlemmer. Utvalet skal handsame saker som gjeld forholdet mellom den nye kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.